

Pressemelding 11.10.2010: Caroline Slotte viser omarbeidd kvardagskeramikk

Utstillinga "Going Blank Again" og publikasjonen "Närmare/Closer" er dei kunstnarlege resultatane av det treårige stipendiatprosjektet til Caroline Slotte ved Kunsthøgskolen i Bergen. Prosjektet undersøker keramiske kvardagsobjekt som forvaltarar av minne. Utstillinga opnar på Galleri s.e. i Bergen 16. oktober 2010.



Jag leter after objektets kärna, ett slags föremålens essens. Jag sliper ner, skalar bort, formar om. Som om jag på det viset kunde närma mig objektets sanna inre, dess själ.

Omforming av eksisterande gjenstandar står sentralt i Caroline Slotte sitt kunstnarlege verke. Ho omarbeider funne objekt, først og fremst brukte keramiske bruksgjenstandar, slik at dei får ny mening. Ho er opptatt av spenninga mellom det gjenkjennbare og det gåtefulle, det ordinære og det uventa. Caroline Slotte arbeider direkte i keramikken ved å skjære, skulptere, slipe ned eller føye til. Gjennom slike fysiske inngrep i materialet vert arbeidsprosessen ein måte å stille spørsmål på og peike på dei historiane som gjenstandane ber i seg.

- Poesien i dei kvardagslege tinga, med alle dei minna og historiane som desse gjenstandane ber på – det er utgangspunktet for stipendiatprosjektet mitt, seier Caroline Slotte. Ho har utforska temaet både praktisk i det kunstnarlege arbeidet sitt, og teoretisk gjennom arbeid med egne og andre sine tekstar.

Jag sitter vid mormors nya runda matbord. Det är nytt för att hon just flyttat, från egnahemshuset på landet till en mindre lägenhet i staden. Stolarna är också nya, med stoppning. Jag sitter så att jag kan se in i kokvrån. Mormor bjuder på något smått. Alltid något smått. Och alltid de små assietterna. Vi får varsin. Det är samma landskap på alla. Jag vänder snabbt min så att landskapet blir rätt väg. Det föreställer en man som fiskar. Vatten, träd, moln - blommor runt omkring. Vi pratar aldrig om bilderna på tallrikarna.



Publikasjonen dokumenterer den kunstnarlege delen av prosjektet. Han vert lansert på utstillingsopninga. Den offentlege gjennomgangen av stipendiatprosjektet hennes som svarer disputasen i PhD-programma, finn stad i mars/april 2011. Caroline Slotte er stipendiat i Stipendprogrammet for kunstnerisk utviklingsarbeid.

Pressevisning

Ta kontakt med Sjur Nedreaås på Galleri S.E. for visning fredag 15. oktober med kunstnaren til stades.

Kontaktar

Sjur Nedreaas, Galleri S.E: nedreaas@online.no (958 53 680)

Caroline Slotte, stipendiat Kunsthøgskolen i Bergen: caroline.slotte@khib.no (404 89 544)

Astri Kamsvåg, informasjonsleiar Kunsthøgskolen i Bergen: ak@khib.no (930 34 330)

CV

Caroline Slotte (f. 1975 i Finland) har hovedfag i keramikk fra Kunsthøgskolen i Bergen og utdanning fra Finland og Danmark. Slotte har siden hausten 2007 vore knytt til Kunsthøgskolen i Bergen som stipendiat ved fagområde keramikk, Avd. for spesialisert kunst. Arbeida hennar er kjøpt inn av mellom andre Museum of Arts and Design i New York, Victoria & Albert Museum i London og National Museum of Scotland.

Artist talk

Caroline Slotte inviterer til artist talk i utstillingen på Galleri s.e. søndag 21. november 2010 kl. 14.

Utstillingsopning: laurdag 16. oktober 2010 kl. 18-20.

Utstillingsperiode: 16. oktober – 21. november 2010

Opningstider: tirsdag – søndag kl. 12-16

Stad: Galleri s.e., Kalfarveien 76, Bergen